

# Klypp hekkar og busker

Bli med på ein dugnad for å unngå ulykker i ditt nærrområde.


Eig eller disponerer du ein eigedom med avkøyrsla til veg eller gang- og sykkelveg? Då har du ansvar for å sørge for fri sikt ved avkøyrsla di (jf. Veglova §31 og §43).

God sikt er ein føresetnad for at du skal få auge på gåande og syklande som kryssar avkøyrsla di.


Ei temaanalyse av sykkelulykker viste at dårleg sikt var ein medverkande faktor i over 30 prosent av dødsulykkene på sykkel.

Slik sørger du for fri sikt i avkøyrsla di:

Alternativ 1:  
Høgdegrense 0,5 meter.



Alternativ 2:  
Flytting av gjerde/hekk.




Illustrasjon: Statens vegvesen

Dersom avkøyrsla di kryssar gang- og sykkelveg må høgde på hekk og gjerde ikkje overstige 0,5 meter over gateplan i frisisiktsona.

Klypp enten hekken din slik at den held seg under 0,5 meter (alternativ 1) eller flytt gjerde og/eller hekk utanfor frisisiktsona (alternativ 2).


Det må vere 3 meter fri sikt inn i avkøyrsla. Det betyr at når du står 3 meter inn i avkøyrsla di skal du kunne sjå midten av gang- og sykkelvegen 30 meter til kvar side.

**Merk at frisisiktsona bør utvidast ut over 30 meter dersom gang- og sykkelvegen heller og syklistane held høg fart.**



Dersom avkøyrsla di munnar ut i vegen må høgde på hekk og gjerde ikkje overstige 0,5 meter over gateplan.

Hekk og gjerde kan også flyttast utanfor frisiktsona, merka med stipla strek.




Det må vere 4 meter fri sikt inn i avkøyrsla. Det betyr at når du står 4 meter inn i avkøyrsla di, skal du kunne sjå vegen 55 meter til kvar side dersom fartsgrensa er 50 km/t, og vidare aukar avstandane med farten slik figuren viser.

Dersom du har tre ut mot veg, fortau eller gang- og sykkelveg må ikkje greiner henge lågare enn 5 meter over vegbana.

Over fortau og gang- og sykkelveg må ikkje greiner henge lågare enn 3 meter.

Eigaren av trea er også ansvarleg for fjerning av greiner som dett ned.



Illustrasjonar: Statens vegvesen

### Har du spørsmål?

Vi ynskjer at du klypper hekk og busker slik at alle kan gå, sykle og køyre trygt forbi eigedommen din.

Ved spørsmål, ta kontakt med Vestland fylkeskommune på [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller på telefon 05557.



Vestland  
fylkeskommune